

9. desember 2021

## **Varsel om oppstart av detaljregulering for Villmarkseventyret bobilparkering og camping, del av 9/1 og 10/1 – Drangedal kommune**

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med detaljregulering for Villmarkseventyret bobilparkering og camping i Drangedal kommune. Område høyrer til eigendom 9-10/1. PLANID: 20210005

Planområdet ligg ved Orrkjerrkastet heilt aust i Drangedal kommune ved Fv 3310 Lundeheia. Området er om lag 82 daa. Planarbeidet er ikkje samsvar med kommuneplanens arealdel for Drangedal kommune, planområdet ligg i LNF område. Det vart i 2020 gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i to år for å tilrettelegge til bobilparkering.

Det er utført ei KU vurdering for planarbeidet som konkluderer med at det ikkje er behov for KU for dette planarbeidet.

Referat frå oppstartsmøte følgjer vedlagt til offentlege instansar, for andre kan det sjåast på kommunens heimeside.

Målet med planen er å regulere for bobilparkering og camping med sanitær bygg.

Planarbeidet vil følge dei føresegner og retningsliner som går fram av gjeldande kommuneplan for Drangedal. AT skog as har hatt oppstartsmøte med Drangedal kommune i forkant av arbeidet, og har fått klarsignal om å varsle oppstart av planarbeidet. Oppstartsmøte ble gjennomført 18.08.2021.

Planarbeidet vil starte opp omgåande. Forslag til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for behandling haust 2022.


Vi ønsker at de som har interesser i området og meninger om kva som er viktig å ta omsyn til, gir innspel om dette. Kommentrar/ merknader til planarbeidet skal sendast skriftleg til **AT- skog, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal** eller på e-post [mg@atskog.no](mailto:mg@atskog.no) innan 07.02.2022. Kopi kan sendast til Drangedal kommune på e-post: [postmottak@drangedal.kommune.no](mailto:postmottak@drangedal.kommune.no) eller til Drangedal kommune, Gudbrandsveien 7, 3750 Drangedal.

Nærmare opplysningar kan man få ved å kontakte Mona Gundersen på tlf 957 94 342.

Vennleg helsing  
for **AT Skog AS**

Mona Gundersen

**Vedlegg:** Kartutsnitt med planavgrensing



Rødt område er reguleringsplanområdet.